



Frank Carlsen
Svindalsvegen 150
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6546 - 15/23171

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.06.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 23/2

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.06.15.

Det er søkt om løyve til oppføring av støttemurar på eigedom gbnr. 23/2. Det ligg føre mellombels dispensasjon frå avstandskrav til vegmidte datert 03.10.14.

Planstatus

Eigedomen er omhandla av arealdelen til kommuneplanen for Lindås kommune, planperiode 2011-2023. Eigedomen er i nemnde plan sett av til LNFR føremål. Oppføring av omsøkt tiltak krev dispensasjon frå pkt. 5.1 jf. retningsliner i pkt 5.6 i arealdelen til kommuneplanen, vedlagt ligg nemnde plan.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2, frå arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023. Søknad om dispensasjon skrivast i brevform og må vere grunnjeven.
2. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.08.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Arealdelen av kommuneplanen 2011 til 2023